



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 31.05.2016
Vår ref.: 2015/9353-123
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

KUNST TIL BYBANEN Juryen si grunngjeving
Lukka konkurranse om kunst til Bybanen sitt endestopp på Flesland.
Jurymøte 4.mai 2016

Jury:

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent og leiar for juryen
Hilde Skjeggestad, kunstkonsulent
Ronny Skaar, HFK, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar
Tone Stedal Haugland, HFK, kultur- og idrettsavdelinga
Grete Riis, Bergen kommune, Seksjon for kunst og kultur
Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging
Are Hauffen, Hordaland kunstsenter

Ingrid Haukeland, Bybanen Utbygging og Petter Bortne, Bybanen AS var forhindra frå å delta.
Observatør Aina Tysse, Telenor, var forhindra frå å delta.

Hilde Skjeggestad er sekretær for juryen

Deltakande kunstnarar

1. Anders Sletvold Moe
2. Azar Alsharif
3. Dyveke Sanne
4. Marius Dahl og Jan Christensen
5. Stian Ådlandsvik og Lutz-Rainer Müller

Alle kunstnarane har levert materiale som spesifisert i konkurranseprogrammet og oppfyller dermed dei formelle krava i konkurransen.

Bakgrunn

Bybanen får sitt endestopp ved Bergen Lufthavn Flesland. Her byggjer Avinor ein ny flyplass-terminal som skal stå ferdig sommaren 2017. Bybanen sin haldeplass vert ein integrert del av terminalen, lokalisert i underetasjen med rulletrappar og frie siktliner opp til innkøst- og avgangssoner.

Området som er avsett til kunst er ein ca. 7 meter høg og 56 meter lang betongvegg på austsida av plattformene. Flyplassterminalen er teikna av Nordic Office of Architecture.

I samsvar med stadfesta kunstplan for Bybanen, byggetrinn 3 og delplan Flesland, inviterte Hordaland fylkeskommune hausten 2015 kunstnarar til ope prekvalifisering om kunstprosjektet. Av dei i alt 78 som melde si interesse, vart 5 inviterte til ein lukka konkurranse. Alle dei inviterte kunstnarane deltok i ein oppstartssynfaring på Flesland 10.11.2015.

Oppdragssum er kr 1,65 mill.
Arbeidet skal vere avslutta i juni 2017.

KUNSTNARANE SINE FRAMLEGG OG JURYEN SI GRUNNGJEVING

ANDERS SLETVOLD MOE
Modulære refleksjoner

Anders Sletvold Moe gjer framlegg om eit veggrelieff i aluminium og syrefast stål. Relieffet er bygd opp av 84 modular på 0,4 x 3 m, og har ei djupne på 0,3 m. Rammeverket er i aluminium, medan syrefaste Rimexplater i varierende fargar, struktur og glans dannar eit relieff av trekant-og diamantformer. Arbeidet har formmessige koplingar til fasadeplater brukt på Avinor sitt terminalbygg. Samla utgjer modulane ein langstrakt komposisjon på 2,4 x 42 m på den 56 meter lange betongveggen.

“Verkets relieff gjør at kunstverket er i stadig forandring når man beveger seg fram og tilbake på perrongen, eller står og betrakter verket fra ulike avstander og vinkler. Det er et statisk arbeid rent fysisk i sin oppbygging av robuste materialer, men det aktiveres gjennom brukerne av stedet og refleksjonene av omgivelsene, og er på den måten i konstant bevegelse. Betrakteren blir en medskaper av verket. Dette er en viktig egenskap i kunstverket som gjør at det har klare paralleller til det å reise og forflytte seg.”

Anders Sletvold Moe har levert eit særskild grundig og gjennomarbeidd framlegg. Presentasjonen er god, og inkluderer modell av enkeltmodular, materialprøver og ein video som på ein overtydande måte illustrerer verket.

Modulære refleksjonar er på mange vis lågmælt i sin nære dialog med arkitektur og rom, men står fram og som eit verk med sjølvstende og i eigen rett. Det er basert på ein klår formål idé med enkle formvariasjonar og -repetisjonar. Heilskapen er stram, men dei interne variasjonane og spelet dei skapar, er samstundes komplekst.

Modulære refleksjoner er godt dimensjonert og presist plassert. Den langstrakte forma gjev assosiasjonar til fart og dynamikk, og bidreg og til å gje verket eit moderne preg, jamvel om referansane til 1960-talets kunst og arkitektur er sterke. Materialane leiker med omgjevnadane og spelet dei skapar vil kunne engasjere dei reisande, utan at det vert påtrengjande. Ein kan sjå dei ulike speglingane som ei framheving av mangfald, og såleis står dette intensjonane i kunstplanen. Juryen trur verket vil kunne vera interessant å møte igjen og igjen, og at det vil stå seg godt gjennom tid. *Modulære refleksjonar* spelar på lag med arkitekturen sitt rom og materialitet, og bidreg til at endestoppet til Bybanen på Bergen Lufthavn Flesland blir ein stad der kvalitet og varige verdiar er det framtrekande.

AZAR ALSHARIF

Universel strategies

Azar Alsharif gjer framlegg om 8 innramma bilete monterte i spiss, 6 kvadratiske og 2 med ein samansett form. Bileta er sterkt forstørra foto av collagar, printa på PVC-fri folie monterte på aluminium. I tillegg opnar ho for følgjande tekst i det øvste, midtre biletet: THIS WEEK I AM COSMOS. Enkeltbileta er 1,5 x 1,5 m og har gullfarga rammer i lakkert stål. Rammene er 5 cm djupe og byggjer 7 cm inn på biletplata. Monteringa er symmetrisk og gjev eit ytre geometrisk preg. Samla storleik er omlag 4,4 x 13,5 m.

“De diagonale linjene i rammene vil kunne både spille på lag med og bryte med linjene i det arkitektoniske landskapet rundt. Jeg har villet at selv ved hurtig passering vil man føle at det er noe «annet» på veggen. Linjene gir fart og bevegelse, og de peker i ulike retninger og skaper en åpenhet om fortsettelse. I tillegg vil rammene i lyst gullbelegg gi preg av noe anderledes.”

Azar Alsharif har levert eit personleg, poetisk og originalt framlegg. Ho har teke utgangspunkt i sitt eige arbeid i atelieret, og handsamar rommet på Flesland som eit gallerirom. Dette er ein uvanleg tilnærming i dag, der ein nærast føresett at kunstnarar leverer stadspesifikke og gjerne integrerte verk. Juryen har sans for og sympati med Alsharif sitt val. Bileta er i seg sjølv vakre og interessante, og dei klåre diagonalane bryt med arkitekturen på ein visuelt spanande måte.

Juryen er likevel ikkje overtydd om at framlegget vil fungere godt nok på Flesland. Om ein ser biletarangementet i høve til heile rommet og den sterke arkitekturen, verkar det noko for spinkelt. Juryen saknar material- og/eller biletprøver som ville kunne gje eit meir presist inntrykk av korleis bileta skal materialiserast, og gje eit betre grunnlag for å vurdere "styrken" bileta har i høve til omgjevningane. Montasjen av bileta i rommet er langt frå presis med tanke på strukturen i betongveggen, og gjev heller ikkje eit inntrykk av bileta i rommet som heilskap. Dette skapar usikkerheit om realitetane i framlegget.

DYVEKE SANNE

Arriving soon- I'm here right now:)

Dyveke Sanne gjer framlegg om eit relieff bygd av dikroisk farga spegelglas. Glasfargen endrar seg avhengig av vinkel ein ser frå og av mengd og eigenskaper på lyset framfor og bak glasflata. Der lyset stengjast ute frå baksida, dannar glaset spegel. Spegelveggen har samla storleik på ca. 4 x 34 m. Den er bygd av glasmodular på 1 x 0,8 m, med 4 over kvarandre i same eigenfarge, men med noko variasjon i tetthet og valør. Også horisontalt er glaset samla i større fargegrupper med mindre variasjonar. Enkelte stader er det nytta bua glas og glas monterte i vinkel. Ein del stader er sirklar av folie monterte på baksida av glaset. Dei gir sirkulære spegel i ulike storleikar, i farge komplementær til glasfargen rundt. Tittelen skal inngå som del av verket, med 3-dimensjonale bokstavar i spegelstål.

“Arbeidet handler om tilstedeværelse og det å være underveis - den bestemte tilstanden av årvåkenhet som ikke slipper taket selv på reisens mindre spektakulære etapper. Som reisende titter vi stadig vekk på det fremmede og eksotiske, det vi ikke umiddelbart gjenkjenner eller forstår selv om vi samtidig er klar over at det alltid kommer an på øynene som ser og vår egen posisjon i helheten.”

Dyveke Sanne har levert eit framlegg som vil gje oppleving for reisande i alle aldrar. Ein mektig

glasvegg i skiftande fargar, og med speglingar av både menneske og omgjevnader. Ingen vil gløyme dei har vore her. Presentasjonen er grundig, med 2 modellar, materialprøver, videoanimasjon og utskrift av skisser. Det dikroiske glaset er, som kunstnaren sjølv skriv, særst vanskeleg å gje att på ein god måte i andre media, og juryen må difor basere seg på ein grad av fortolking av det samla materialet.

Juryen har stor sans for at verket i stor grad vender seg til dei reisande, noko dette framlegget legg opp til. Dei er hovudpersonane. Materialet er fascinerande, og ingen vil vere upåverka av å vera i nærleiken av ein slik vegg. Eit spørsmål er om det er noko for mykje. For juryen er det vanskeleg å få klårlagt kor sterke fargane vil verta. Papirutskriftane og videoanimasjonen tyder på sterke og intense fargar, medan materialprøvane verkar mildare. Kunstnaren gjev uttrykk for at eit relativt stort spekter er tilgjengeleg, og at lysforholda på staden - og lyset ho tenker montera i overkant for å "vaske" veggen - vil avgjera innafor kva spekter fargane vil opplevast. Ho gjer sjølv merksam på at finavstemming av fargane og lyset er naudsynt, og at ei utfordring ligg i å balansere effektane.

Juryen trur kunstnaren vil kunne lykkast i å utvikla glasveggen, men meiner prosjektet likevel er noko umogent enno. Den formale oppbygginga (storleik, rutenett, vinklar, buar) verkar litt uforløyst, og juryen hadde gjerne sett at veggen arbeidde betre i lag med rommet og arkitekturen - ikkje at det berre vert ein ny vegg sett utanpå den eksisterande. Juryen er og redd at omfanget og verknaden vil kunne bli for massiv, og trur prosjektet hadde tent på å bli skalert ned. Juryen er heller ikkje overttydd om at teksten bør inngå som ein del av verket.

MARIUS DAHL OG JAN CHRISTENSEN

Aileron

Dahl og Christensen gjer framlegg om ein stor abstrakt komposisjon av lakkerte element i 5 mm platestål som ligg lagvis ut frå veggen. Avstanden mellom plateelementa er 5-20 cm. I to område er platene knekt i vinkel. Samla er komposisjonen 48,5 m lang, 6 m høg og 0,5 m djup. Dei ynskjer å lyssettje verket med bakkelys for å skape skuggespel. Framlegget er i hovudsak presentert einsfarga, men kunstnarane opnar og for ulike fargeløysingar. Tittelen Aileron er fransk og tyder balanseror.

“Billedspråket er assosiativt, med referansar til natur og urbane landskap, samt seil, vinger og skyer i horisonten. Avstanden mellom lagene gir komposisjonen en visuell nerve og luftighet som skaper en ikke-statisk opplevelse av verket. Lagdelingen bidrar til skinnende skyggespill avhengig av lysforhold og verkets dimensjonering er i direkte dialog med arkitekturen.”

Komposisjonen Dahl og Christensen gjer framlegg om, er monumental og dynamisk og nyttar seg av heile veggen si breidde og høgde. Prinsippet med den lagvise oppdelinga av relieffet, kan skape eit interessant spel med lys og skugge, der både skiftingar i dagslyset og lyssettinga vil bidra til å levandegjere verket. Komposisjonen vil vera godt synleg frå alle nivå.

Juryen opplever likevel framlegget som uferdig, der sentrale spørsmål ikkje er handsama grundig eller teke stilling til, som til dømes bruk av fargar. Kunstnarane viser til skisser av ulike fargekonsept. Ulikskapen mellom desse er formidabel og vil ha særst stor tyding for kva verk dette vil verta. Kunstnarane vel å framsette alle som moglege vegar, sjølv om dei gjev eit vink om at ein monokrom nøytral farge kan hende er det beste. Juryen ser dette som ein veikskap ved framlegget. Komposisjonen og platematerialet verkar å vere det einaste som ligg fast, medan farge, lys og oppdeling av elementa er variablar. For juryen er dette for lite utvikla til å kunne gå

inn på. Juryen er heller ikkje overtydd om at komposisjonen sjølv er god nok.

STIAN ÅDLANDSVIK OG LUTZ-RAINER MÜLLER

World horizon

Müller og Ådlandsvik gjer framlegg om eit todelt verk. Den eine delen er eit langt fotografi, 3 x 36 meter, printa på dibond. Fotografiet er sett saman av 36 enkeltfoto som skal takast ut vindaugget på ei flyreise rundt jorda frå vest mot aust, med Bergen Lufthavn Flesland som start og endepunkt. Den andre delen er ein aluminiumskopi av ein båtstamn frå sein vikingtid / tidleg middelalder. Båtstammen skal vera med på reisa og til slutt plasserast i golvet på bybanestoppet, med bagasjelappane frå reisa klistra på. Kunstnarane tek atterhald om at plasseringa i golvet let seg gjennomføre.

“Begge kunstverkene vi foreslår, både fotografiet og skulpturen, har tid og reise til felles, noe som vi mener må være helt sentralt for et kunstverk på et sted som Bergen lufthavn Flesland. Der hvor fotografiet dokumenterer en relativt kort, hurtig reise over en stor avstand, som også blir fortalt igjennom bagasjelappene på skulpturen, forteller skulpturen i tillegg om en annen tid, en reise igjennom tid fra en veldig annerledes måte å omgå bevegelse over avstander på.”

Ådlandsvik og Müller sitt framlegg er forankra i eit konsept om reise, avstand og tid. Prosjektet er godt presentert, med god print av fotoskissa, ein video, og grei skildring av konseptet. Så sant elementet med båtstamna let seg gjennomføre, og vert synleg for dei reisande, er her potensiale for eit visst tankespenn for den som gjev seg tid til å reflektere. Juryen verdsett kunstnarane sine ambisjonar, men meiner idéen kan få vanskar med å nå fram.

Det lange og smale fotografiet, er det dominerande elementet i prosjektet, og fyller det meste av vegg. Båtstamna vil liggje i eit monter i golvet (eller liknande), og vil vera mindre tilgjengeleg for dei fleste. Fotografiet må difor evne å bere fram idéen, eller i det minste ha noko ved seg som ber bod om noko særskilt. Fotografiet i seg sjølv gjev ljøs og farge til staden, og er godt dimensjonert og plassert. For juryen gjev fotografiet diverre sterkare konnotasjonar til eit flyselskap si promotering av flyreiser enn til eit verk med ein underliggjande kunstnarleg idé. Dei sterke visuelle signala i fotografiet overdøyer anna innhald - sjølv om einskilde nok vil kunne oppfatta meir. Juryen opplever og at den sterke fokuset på (evt. reklame for) *flyreisa* ikkje heilt høyrer heime på Bybanen sitt endestopp, jamvel om stoppet er på Bergen Lufthavn Flesland.

KONKLUSJON:

Det er levert 5 særslåtte framlegg med potensiale til å verte interessante kunstprosjekt for Bybanen sitt endestopp på Bergen Lufthavn Flesland. Juryen har gått grundig gjennom alle og vurdert dei ulike aspekta ved dei. Juryen sin konklusjon er basert på ei vurdering av dei kunstnarlege kvalitetane, og ei forsøksvis vurdering av korleis prosjektet vil fungere i samspel med omgjevnadene og dei reisande over mange år. Alle prosjekta vil kunne la seg realisera teknisk og innafor budsjett.

Sjølv om fleire av framlegga har potensiale, skil eitt seg ut som særslåtte godt og velutvikla; prosjektet *Modulære refleksjoner* av Anders Sletvold Moe. Den kunstnarlege idéen er enkel i seg sjølv, med vekt på formmessige variablar og dialog med omgjevnadene. Det viser til - og styrkjer - dei formale og materielle kvalitetane på staden, men evner likevel å vera noko i seg sjølv. **Grunna** dei blanke platene på skrå ut frå vegg, vil himmel, nærliggjande arkitektur og omgjevnader spegle seg i verket og bidra til ein langt meir skiftande fargeskala enn det avgrensa fargevalet skulle

tilseie. Refleksjon av andre overflater og menneske i bevegelse aktiver flatane på eit vis som gjev store skilnader i korleis verket framstår frå ein situasjon til ein annan; frå det sobre, stille til det meir bevegelege og fargesterke. Det lange og smale formatet er presist og elegant forma, og gjev verket ei understreking av fart og dynamikk. Juryen meiner dette vil kunne fungere godt for alle brukarar av Bybanen sitt endestopp på Flesland, og at det vil tole gjensyn igjen og igjen. Det vektlegg kvalitet, samanheng og tidløyse, men er og dynamisk og moderne. Verket er teknisk robust, og planane for gjennomføring godt gjennomarbeidde.

Anders Sletvold Moes *Modulære refleksjoner* er vinnar av konkurransen om kunstprosjekt til Bybanen sitt endestopp på Flesland. Vedtaket er samrøystes.

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.